

Skalden frå Sæheim

Johs. M. L. Rydland



I Mellom dei fremste skribentane som i «Strilen» sine fyrste år var med og sette sitt særsvip på bladet, la lesarane snart merke til namnet Johs. M. L. Rydland.

Eigentleg var namnet godt kjendt i Nordhordlandsbygden lenge før den tid. Men det folk var vane å setja i samband med dette namnet, var ein spebygd, smålåten omreisande lekpredikant.

No lærde mange å kjenna denne mannen frå ei heilt anna side. Han vart skalden som steig fram og som i vakre ordelag kunne kvæda om søge og fedreland og ikkje minst om våre eigne bygder og vårt slit same folkeferd.

I mange av dikta måla han med kjenslevare pennestrok naturen og odla fram ei djup hyljing til Skaparen og skaparverket. Andre av dikta hadde noko av ironien i seg, men bore fram med så lun humor at folk berre måtte le og undra seg.

Dikta hadde eit ærend å gjera, ein tanke å vekka hjå lesaren. Med andre ord: Skalden hadde ein bodskap som han på denne måten ville formidla til sambygdingane sine, — dei kjære strilane.

Frambygd Idealist
tykkjer det er ein verdig måte å høgtida fridomsdagen på med dans og moro. Ein av kameratane svara då: «Har du noko betre å setja i staden?» Men Johannes hadde ikkje det, — den gongen. Og han tagde.

EMISSÆREN III

Våren og hausten 1914 vitja Mattias Orheim Seimsbygda med ei rekkje møte. Johannes stilte seg fyrst likesæl til det heile. Men etter ei tid vart også han dregen med. Og etter ein lang og hard sjelestrid vann han fram til frelsesvisse.

Johannes hadde ingen tanke om å verta emissær. Men det laga seg slik at han kom til å stå i kontakt med Orheim, og då Orheim, som var blind, hadde bruk for ein som kunne hjelpa han med lesing og korrespondanse på reisene sine kring i landet, fall det seg slik at Johannes tok på seg dette arbeidet. Slik reiste han med Orheim til 1920.

Frå hausten 1920 tok han til som arbeidar i Lindås og Masfjorden indrennisjon. Mons Lindås var formann. Og i stova til Anna Syslak vart Johs. M. L. Rydland vigsla til emissær. Livsvegen var staka ut. — Han som kallar og gjev styrke hadde fått eit ja-ord frå ein villig tenar. Og tenesta varde i meir enn 40 år. Mange vekkingar fylgde i den trufaste sâmmannen sine far.

Frå stoveglaset helme hjå Johs. M. L. Rydland. Storfelt utsyn over Seimsfjorden mot Øksneset og vest der sola går i hav.

Haust 1917 vart han gift
med Hilda Hjelbrekke frå Jølster. Ho kom som tenestejente til Hopland, og då dei ho tente hjå ikkje hadde born, vart dei buande der. Men i 1933 fekk dei eit stykke av garden og bygde sitt eige hus, høgt og fritt med ei storfelt utsyn over Seimsfjorden. Men det kosta. Emissærlova var lita og trettiåra var ikkje lette. Ein barneflokk på fem krav også sitt. — Det såg mørkt ut mange gonger, ikkje minst når helsa svikta. Ein annan forkynnar skal i ein liknande situasjon ha sagt «Det står i Guds ord at den rettferdige skal ikkje vanta brød. Men stundom har eg tykt det vart smått med pålegget». Slik måtte det vel tidt kjennast for Johannes. Men han klaga ikkje. Det var ikkje hans måte å vera på. Og som Jens M. Rognsvåg seier det i minneord: «— kampen med sjukdom og trønge kår, var nok med og forma han til den vakne, vare og varme sjelesyrjaren.»

IDEALISTEN

Johannes Martin Larsen Rydland vart fødd 19. desember 1890 på Rydland i Seim. Han var den fyrstefødde av ein systemflokk på fem. Far hans var jordbrukar av den trauste slaktypen, og ein må vel kunna seia at Johannes voks opp i dei enkelte forhold som den gongen rådde i bygdene våre.

Etter konfirmasjonen i 1905 tok han aktiv del i det frilynde ungdomslagsarbeidet, og var ein av dei fremste i arbeidet for å få reisa eit eige ungdomshus i bygda.

Vinteren 1913-14 var han lev ved Voss Folkehøgskule, og her fekk idealisten i han nøying og kveik. Kjærlleiken til ødelandet, natur, folk og morsmål vart gjennom heile hans liv levande og byggjande verdjar.

Men idealisten toygde seg etter noko meir. Det var som han kjende at vesentlege verkjar enno vanta. Talande i så måte er denne veste hendinga:

Ein del ungdomar var samla og skulle leggja opp programmet for 17. mai-feiringa 1914. Johannes var og med. Men han kjende seg ikkje heilt rogd, for brått spør han om dei

I LIVSENS SKULE

Dei fleste emisarane i indremisjonen har gjerne eitt eller fleire kurs på Bibelskulen bak seg for dei for alvor tek til i forkynnartrenea. For han Johannes vart det aldri nokon bibelskule etter tradisjonelt mønster. Men tida han hadde vore saman med Orheim fekk mykje å seia for han, og det vart knytt venskapsband som varde livet ut.

Johannes var ikkje helsesterk nok til å ta over farsgarden heim på Rydland. I 17-årsalderen hadde han ein dag drive for hardt med bading. Så fekk han giktfeber og vart gåande arbeidsufør eitt heilt år med mykje lidning. Seinare kom sjukdomen att med visse mellomrom. Heile elleve gonger fann lækjaren ut at han leid av denne sjukdomen. «Det vart snakka så mykje om rekordår», sa Rydland, «Dette er den einaste eg kan rosa meg av. Men det har kosta meg mangt eit fjerdingsår i sengen».

Hausten 1917 vart han gift

DIKTAREN

I 1960 gav Rydland ut ei samling dikt på Sambåndets forlag. Boka har tittelen «Vardane brenn» og spenner over eit vidt spekter. Han har og skrivne ein god del dikt m. a. i Dagen og i Strilen. Men mykje låg uprenta i skrivebordskuffa.

Det var og snakk om å få gjeve ut ei ny bok. Vener av Rydland var mykje inne på dette og det vart arbeidd ein del med saka. Men av ein eller annan grunn vart ikkje tanken realisert. Og det som verre er: Truleg har mange av dei dikta som var tenkt til den siste samlinga kome bort.

Strilen har hatt ein samtale med dotter til Rydland, Svanhild Nesse, som bur på heimetunef, og spurt om ho kjende til dette arbeidet.

— Av ein del brevveksling me har funne, går det fram at det var samla ein del dikt av far. Desse dikta har og vore send til gjennomlesing. Men det har ikkje vore råd å finna ut kvar der har stoppa opp.

— Tok far din tidleg til å skriva dikt?

— Det trur eg ikkje. Han hadde for vane å notera år og dato på dikta og songane sine, og av dette går det fram at han har vore i vaksen alder når han tok til å skriva. Truleg har det meste vorte til i hans eldre år.

— Siste dagane for han doyde var han mykje oppteken med å sortera og ordna i manus og utklipp han hadde liggjande. Truleg kasserte han ein god del då. Han var alltid redd for at det han skreiv ikkje held mål. Kritisk andsynes seg sjølv var han alltid.

— Men her er likevel god del dikt att etter han?

— I tillegg til dei som i «Vardane brenn» finst i ein del. Nokre har tidleg stått i Strilen eller andre bl men ein del har aldri vore prent.

EIGEN TEIG

Johs. M. L. Rydland døde i 1965. Men dikta hans ver enno. Frå tid til annan ein på festar og tilstellinge høvra opplesarar deklarer «Heimegrendis» eller «Serne». Andre dikt er å finna ein og annan som avisutklipp eller i boka «Vardane brenn». Likevel trur me det er mykje som har liten kjennskap til kje av det denne bygdeskapskapt. Det er derfor ei g for oss å kunna lova lesa våre små drypp av desse d i ein eigen teig i Strilen fi etter vinteren. På denne m vil me gjerne vera med og midla ein rik kulturarv. Og trur at lesarane har noko å da seg til.

O. L. H.



Johannes og Hilda.